- Trygve Gulbranssen ville gi leserne mer enn bare underholdning, og særlig ønsket han at ungdommen skulle få tilbake noen idealer som ifølge ham var viktige for all menneskelig utvikling. Målet var å motivere litteraturen etter første verdenskrig, som han mente var normoppløsende gjennom å oppfordre til fri seksualutfoldelse og å forkaste kristen-humanistiske verdier.
- «Jeg har virkelig villet noe med disse bøkene. De har en viss tendens, en tendens som i mangt og mye vender seg mot tidens avguder. Som sportsmann har jeg vært så mye sammen med ungdom at jeg har forstått, at mange har tatt skade av den forståelsesløse primitiviteten og negativiteten, av den grove naturalismen og ofte slibrige sensualiteten, som møter dem i så godt som all etterkrigs-litteratur» sa han selv i et intervju med Svenska Journalen for mars 1937.
- Han var også kjent som idrettsjournalist i bladet Idrætsliv, som han drev sammen med P. Chr. Andersen og Einar Staff. Mange av de mest kjente og typiske artiklene skrev han som korrespondent for Idrætsliv og Aftenposten under Sommer-OL i Årene mellom 1920 og 1936.
- Gulbranssens egentlige levebrød var som tobakk-grossist; sammen med sine kompanjonger importerte han tobakk, sigarer, sigaretter, piper og lignende. Under hans ledelse ble engrosfirmaet det største i sitt slag i Norge.
- Da Max Tau, med hjelp fra Tore Hamsun, flyktet fra Tyskland til Norge i 1939, var Trygve Gulbranssen en av de første som åpnet sitt hjem for ham. Det ble begynnelsen på et livslangt vennskap.
- Etter den tyske invasjonen av Norge 9. april 1940 solgte han seg ut av tobakksforretningen, da han innså at de store importhindringene som fulgte i krigens kjølvann ville gjøre det vanskelig å fortsette.
- Samme år flyttet Gulbranssen med familien til Hobøl gård i Eidsberg. Her realiserte han bonde-dømmen, og til tross for at han selv ikke tok del i de daglige fysiske gjøremålene la han ned mye arbeid og planlegging i gårdsdriften.
- Den tyske okkupasjonsmakten gjorde flere forsøk på å få han til å stille opp på ulike arrangementer. Dette var en påkjenning for Gulbranssen, som ikke hadde noe til overs for den nasjonalsosialistiske ideologien.

## Vil du gjøre en forskjell?

**Kirkens SOS i Bergen trenger nye medarbeidere!  
Inntakskurs starter 16. februar.**

Vil du gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig og samtidig oppleve personlig utvikling? Som frivillig kan du velge mellom å lytte til mennesker på telefon eller chatte med dem på internett. Du får full opplæring og oppfølging underveis, og vi kan tilby et utviklende personlig og sosialt fellesskap.

Tjenesten er velordnet og forutsigbar, og kan fint tilpasses jobb, studier eller pensjonisttilværelse.

**For mer informasjon, ring 55 32 58 45 / 941 83 654, eller se [www.kirkens-sos.no/bjorgvin](http://www.kirkens-sos.no/bjorgvin)**

Kirkens SOS er Norges største og eldste krisetjeneste på telefon og internett.



# Skapt i Guds ikon

I tradisjonelt ortodokse land som Hellas og Russland er dei heilage bileta – ikonane – uttrykk for ein århundrelang kyrkjeleg praksis. Interesse for denne særeigne sakrale kunsten er no aukande blant kristne med ulik kyrkjeleg bakgrunn.



**TRIPTYK:** Dette ikonmaleriet av Solrunn Nes er eit 108 x 65 cm stort forprosjekt til ei utsmykking, og viser Kristus i Majestet, Johannes Døyparen og Maria med Jesusbarnet.

AV SOLRUNN NES

Blant ortodokse kristne er ikonkunsten ein integrert del av både gudstenestelivet og det personlege andaktslivet. Katolikkar med bysantinsk ritus i Ukraina, Midtausten og Nord-Afrika er meir fortrulege med ikonkunsten enn katolikkar i den vestlege verda. Også mange menneske utan ei bestemt religiøs tilknytning kjenner seg tiltrekt av ikonane – gjerne på grunn av den estetiske uttrykkskrafta dei representerer.

## Gud midt blant oss

Det var rapporten om kor vakre gudstenester grekarane feira som gjorde utslaget då fyrst Vladimir av Kiev i 988 valde den ortodokse kristendomsforma for landet sitt. Det som er vakkert appellerar til djupe nivå i menneskesinnet. Kurerane som hadde vore til stades under ei gudsteneste i Hagia Sofia i Konstantinopel, kom tilbake og fortalde korleis mosaikkane, songen, røykelsen, ja, heile atmosfæren i dette veldige tempelet hadde gjort inntrykk på dei: «Vi visste ikkje om vi var i himmelen eller på jorda. Ein slik herlegdom og venleik finst ikkje nokon stad på jorda; vi kan ikkje skildra det. Vi visste berre at der er Gud midt blant menneska».

## Ikon til restaurering

Det greske ordet ikon tyder bilete. Då Gud skapte mennesket, skapte han det i sitt bilete – i sitt ikon. Denne formuleringa seier noko om at mennesket, i kraft av å vera ein avglans av Guds eige vesen, har ein einestående stilling og verdi. Fornuft, vilje og evnen til å elska er dømme på menneskelege eigenskapar med guddommeleg opphav. Men dette vakre ikonet som mennesket er, vart formørka i og med syndefallet. Det strålende gullet og dei sterke, lysande fargane vart dekkja av lag på lag med feilsteg i «tankar, ord og gjerningar». Berre Guds fullkomne ikon –

Kristus sjølv – kan restaurera dette tilsmussa biletet. Paulus seier om Kristus at «han er bilete (ikon) av den usynlege Gud» (Kol 1, 15). Ifylgje denne ikonteologien kan frelse forklarast som ein restaureringsprosess der mennesket vinn tilbake sin tapte herlegdom.

## Regelbunden kunst

Ikonkunsten er ein regelbunden kunst både i form og innhald. Ettersom ikonet er eit visuelt uttrykk for det kyrkja lærer verbalt, arbeider målarer i samsvar med autoriserte modellar. Slik vert gjenkjenning og kontinuitet sikra. Eit påfallande trekk ved ikonkunsten er nettopp at formspråket har endra seg så lite på mange hundre år. Men eit tradisjonelt motiv kan utførest i mange variantar og vil alltid bera preg av handlaget til den enkelte malaren. Eit ikon er ein materiell gjenstand som refererer til ein andeleg realitet. Men som alt anna, kan også eit ikon misforståast eller misbrukast. Ikonet kan reduserast til å verta eit investeringsobjekt eller inngå som eit estetisk objekt på linje med andre vakre gjenstandar. Dersom ikonet vert oppfatta som berre interessant i seg sjølv, eller vert tillagt magiske eigenskapar, misser det sin symbolfunksjon og står i fare for å verta eit idol (ein avgud) istaden.

## Mikrokosmos

Kyrkja er eit stort tredimensjonalt ikon – eit mikrokosmos utforma som eit hierarkisk ordna univers. Ei fullt utsmykka ortodoks kyrkje er dekorert frå kuppelen og nedover mot golvet med veggmaleri eller mosaikkar. Øvst oppe i kuppelen tronar Kristus Pantokrator – Allherskaren. Det er som om universets Herre ser ned på kyrkjelyden frå himmelen. Han er innskriven i ein sirkel og omgjeven av englar. I trommelen er gjerne profetar avbilda, medan dei fire evangelistane er plasserte i dei fire felta som danner overgangen til veggene. Der finn vi 12 ulike scenar frå Jesu liv som tilsvargar dei største festane i løpet av kyrkjeåret. Dersom plassen tillet



**IKONKUNSTNAR MED KATT:** Solrunn Nes i arbeid med «Josef med Jesusbarnet». (Foto: Privat)

det, kan motiv frå Marias liv eller framstillingar av helgenar opptre lenger nede. Den figurative utsmykkinga sluttar i skulderhøgde. Slik vert det tydeleg at dei nolevande menneska – som sjølve er «ikonar» – vert del av eit fellesskap som sprengjer tid og rom når dei stig inn i kyrkja. Skiljet mellom koret og skipet er markert av ein biletevegg – ein ikonostase – som inneheld fleire rekkjer med nøye utarbeidde motiv.


### Andeleg fokuseringspunkt

Mange har erfart kor vedfullt eit fotografi kan vera ved tapet av ein kjær person. Fotografiet minner om den avdøde og gjer vedkomande i ein viss forstand nærverande. Eit ikon har også denne påminningsfunksjonen, og det eignar seg godt som meditasjonsbilete. Kristi andlet kan vera ei hjelp til å fokusera på det viktigaste i det andelege livet. Ved hjelp av formale verkemiddel som gullbakgrunn, frontalitet, rangperspektiv og omvendt perspektiv skal ikonet minna om eit guddommeleg nærvær. Gullet symboliserer det strålende lyset som spring fram frå Guds eige vesen. Kristus, Maria og dei heilage er gjennomtrengt av dette lyset. Kristus omtalar seg sjølv som «verdens lys», og Gud vert kalla «lysets Far». Lyset kjem alltid innanfrå på eit ikon, difor har det ingen slagskuggar.

### Omvendt perspektiv

Frontalitet og blikkontakt indikerer nærvær. Det å vera heilt og fullt til stades i noe er ein guddommeleg eigenskap som ofte vert avspegla i måten den heilage personen framstår på. Rangperspektiv vil seia at den viktigaste personen i biletet er sentralt plassert og overdriven stor i forhold til bipersonane. I eit ikon av Jesu fødsel kan Jesusbarnet verka merkeleg langt utvikla til å vera ein nyfødd baby! Og Maria er gjerne dobbelt så stor som Josef. Omvendt perspektiv er eit anna verkemiddel som understrekar at den avbilda personen tilhøyrer Guds rike – ein dimensjon som er fullkommen og uendeleg. Dei skrånande linjene kjem utanfrå, frå eit uendeleg rom bak den avbilda personen. Perspektivlinjene møtest dermed hos tilskodaren og ikkje på sjølve biletplata slik tilfellet er i eit foto eller eit naturalistisk maleri. Tilskodaren kontrollerer ikkje den verda han ser inn i, men opplever sjølv å bli møtt og sett på.

## Ikonkunstnar Solrunn Nes



**ST. JOSEF:** Alterfront laga til St. Josefs katolske kirke i Oslo.

- Solrunn Nes er utdanna innan psykologi og religionshistorie, og har hovudfag i kunsthistorie frå Universitetet i Bergen (1992). Ho har utdanning som ikonmålar frå Finland (1983) (russisk tradisjon) og Aten, Hellas (1985) (gresk tradisjon), og har hatt ei rekkje utstillingar og foredrag både i Noreg og utanlands.
- Som utøvande kunstnar har ho utført ei rad utsmykkingar, blant andre «Transfigurasjonen» (Aylesford kloster, England), krusifiks i Takvam kapell, prosesjonskors i Døvekirken i Bergen, krusifiks og alterfront i St. Pauls katolske kirke i Bergen, rekonstruksjon av gotisk antementsale i Hamre kyrkje på Osterøy, fargar og gull på krusifiks i Fantoft stavkirke, rekonstruksjon av gotisk alterfront i Tjugum kyrkje i Balestrand og alterfront til St. Josefs katolske kirke i Oslo.
- «Ikke lite teologi og gresk språk må ein kunne for å vere på innsida av symbola og omgrepa, og for å kunne bruke ikonmateriet som eit sjølvstendig uttrykksmedium, slik Solrunn gjer», seier Oddvar Almenning, tidlegare rektor ved Nordfjord folkehøgskule, i sin omtale av kunsten hennar.



## Internasjonal bønnedag

**Første fredag i mars hvert år samles kvinner over hele verden i bønn.**

Kvinnenes internasjonale bønnedag startet i USA i 1887, da kvinner fra ulike kirkesamfunn samlet seg om en felles bønnedag. I dag har bønnedagen (World Day of Prayer) komiteer i mer enn 170 land og regioner. I Norge startet slike samlinger i slutten av 1920-årene.

Årets program er satt sammen av kvinner på Bahamas. Emnet er: «Jesus sa til dem: 'Forstår dere hva jeg har gjort for dere?'». Kollekten som samles inn går til Bibelselskapets bibelmisjonsarbeid. Bibelselskapet prøver, i samarbeid med sine internasjonale kontakter, å finne kvinne-

relaterte prosjekter i de landene bønnedagsprogrammene kommer fra.

Årets prosjekt er «Hjelp til ofre for vold i hjemmet» på Bahamas, samt fortsatt støtte til Ester-prosjektet i Kamerun. I tillegg dekkes utgiftene til administrasjon, trykking og utsendelse av bønnedagsmateriellet. Bibelselskapet har arbeidet med distribusjonen av programmene, samt regnskapet for den norske komiteen for bønnedagen.

*Mer informasjon:*

[www.norgeskristnerad.no](http://www.norgeskristnerad.no) og [www.worlddayofprayer.net](http://www.worlddayofprayer.net)

# Di kyrkje, ditt val



**TRENG ENGASJERTE MEDLEMER:** Den norske kyrkja skal gjennom viktige vegvalg i den komande valgperioden (2016-2019). (Foto: Kyrkja.no)

**Samstundes med kommunevalet i september, skal det veljast nytt sokneråd og nytt bispedømeråd/kyrkjemøtet. Du kan vera med og avgjera korleis kyrkja skal styrast dei neste fire åra – både lokalt og nasjonalt.**

Vil du gjera ein jobb for di lokale kyrkje? Då kan du stilla til val til soknerådet. Sokneråda har faste leke medlemmer og varamedlemmer. På vallista vert det lagt vekt på å ha god geografisk spreing av kandidatane, samt spreing i alder. For nærare krav til lista, kontakt kyrkjekontoret eller sjå valreglane på [www.kyrkja.no/val](http://www.kyrkja.no/val).

Dei fleste veit kva eit sokneråd er, men kva er eit bispedømeråd? Bjørgvin bispedømeråd har ti medlemmer. Sju av desse er vanlege medlemmer av kyrkja, ein medlem er prest, og ein er annan kyrkjeleg tilsett. I tillegg er biskopen fast medlem av bispedømerådet. Bispedømerådet er også Bjørgvin sine medlemmer av Kyrkjemøtet – kyrkja sitt «storting».

Bispedømeråda og Kyrkjemøtet er særleg viktige når det skal fordelast pengar, tilsetjast prestar og når det skal gjerast vedtak for heile Den norske kyrkja, anten det gjeld kva kyrkja skal stå for, planar for trusopplæring eller gudstenestereform. I komande valperiode skal kyrkja finne vegen vidare som eit sjølvstendig trussamfunn, løyst frå staten. Kva vil

det seie å vere kyrkje i vår tid? Korleis skal ein organisere kyrkja og korleis bør soknestrukturen vere i ein eventuell ny kommunestruktur? Også ein mogeleg vigselsturgi for to av same kjønn kjem til å stå i fokus, og her er det mange som har sterke meiningar. Difor treng vi dei beste representantane vi kan få i bispedømeråda og dermed også i Kyrkjemøtet.

Nytt ved bispedømerådsvalet er at det sannsynlegvis vil kome fleire vallister der fleire meiningar om ulike tema vert representert. Då er det viktig å lese om kva kandidatane på dei ulike listene meiner før du vel røystesetel. Alternative lister kan fremjast for valrådet i bispedømet etter at nominasjonskomiteen si liste er klar 1. mars og før 1. mai. Dersom det ikkje kjem fleire lister, vil det vera høve til å foreslå kandidatar til supplerande nominasjon på nominasjonskomiteen si liste. Det må skje innan ein månad etter 1. mai.

*På nettsida [www.kyrkja.no/val](http://www.kyrkja.no/val) finn du meir stoff om det kyrkjelege valet.*

## Utmelding av kirken skjer ikke på utmelding.no



**INN- OG UTMELDING:** Vegen inn i kyrkja går gjennom vatn og dåp. Utmelding skjer på papir og med namnetrekk. (Foto: Kyrkja.no)

**Kirkerådet kan ikke effektivere utmeldinger av Den norske kirke på grunnlag av epost-henvendelser folk genererer via nettstedet utmelding.no.**

### AV KIRKERÅDET

Ifølge Kirkeloven §3 er det Kulturdepartementet som gir nærmere regler om fremgangsmåten ved innmelding og utmelding av Den norske kirke. Kulturdepartementet har godkjent at utmelding av Den norske kirke kan skje ved epost dersom det vedlegges et scannet dokument som er datert og underskrevet.

Fra departementet sies det at man forstår et scannet og undertegnet dokument som noe annet enn den løsningen som tilbys via utmelding.no. Det er ikke godkjent noen form for elektronisk signatur i denne sammenheng.

– Utmelding på nett krever nærmere utredning, fordi det angår flere forhold i kirkeloven og det tilhørende regelverket. Her er Stortinget lovgiver og departementet er regelforvalter, sier avdelingsdirektør Ole Inge Bekkelund i Kirkerådet. Han har blant annet ansvaret for forvaltning og drift av Den norske kirkes medlemsregister.

– Vi vil ta opp med Kulturdepartementet muligheten for å gjennomgå lov og regelverk med tanke på eventuelle nye fremgangsmåter for inn- og utmelding. Også kirkens valgte organer må eventuelt ta stilling til eventuelle lov- eller regelendringer. Forsvarlig forvaltning krever at dette gjøres på riktig måte og da må det ta tiden det tar, sier Bekkelund.

# – Trosopplæringen forandrer kirken



**DOKTORAND:**  
Elisabeth Tveito Johnsen har skrevet Norges aller første doktoravhandling om trosopplæring. (Foto: Erlend Berge)

**Dagens barn og unge får et annet inntrykk av kirken enn sine foreldre. Dette kommer fram i Norges aller første empiriske doktoravhandling om trosopplæring, skriver Kirkeaktuelt.no.**

Elisabeth Tveito Johnsen har i høst avsluttet sin avhandling *Religiøs læring i sosiale praksiser*. Hun er ansatt ved Det praktisk-teologiske seminar ved Universitetet i Oslo, og har de siste ni årene arbeidet med å forske på og undervise om trosopplæring. Norges første doktoravhandling på trosopplæring ble disputert 4. og 5. desember på Det teologiske fakultet i Oslo.

– Jeg tror at vi om ti år vil se tydelig konsekvenser av trosopplæringsreformen og de andre reformene i kirken, sier hun til Kirkeaktuelt.

– Gudstjenestemønsteret vil ikke endres for flertallet barn og unge. Så den største og vanskeligste læringsprosessen tror jeg vil være for de som er vant til å gå fast til gudstjeneste. De vil kunne oppleve å føle seg fremmedgjort, fordi mange gudstjenester vil bli tilrettelagt for barn og unge som ikke har de samme forventningene til kirken som de faste kirkegjengerne.

Trosopplæring handler gjerne om at taco blandes med nattverd, og at kirkerommet blir et sted for skattejakt med islett av Kaptein Sabeltann. Johnsen mener at slike blandinger er en del av den religiøse læringen som finner sted i kirkens trosopplæring, og at dette er med på å

endre hva kirken er og kan være. I avhandlingen tar hun særlig for seg pedagogikken. Hun har erfart at trosopplærings-medarbeidere ikke alltid er seg bevisst hvor ny den religiøse virkeligheten de formidler er for barna.

– Ta eksempelet med påskefortellingen. Barna kan stoppe helt opp ved å tenke på og forholde seg til det grusomme i at en snill mann ble spikret fast gjennom hendene - og døde! Da er det viktig at vi legger til rette for barns reaksjoner på disse bibelfortellingene. Siden vi er vant til fortellingene selv, er det lett å overse alle de religiøse og eksistensielle spørsmålene de reiser hos barna. Vi må være flinkere til å skape rom for undring og samtale, og ikke ha tidsnød når vi forteller bibelfortellinger for barn.

Doktoranden legger vekt på at læring også omfatter de handlingene vi gjør sammen i trosopplæringen. Når barna deltar i sosiale praksiser som påskevandring og gudstjenester er dette læring, og ikke bare noe som omgir den «egentlige» læringen. Så det tradisjonelle læringsbegrepet må utvides til å omfatte deltagelse i og omskaping av praksiser i kirken.

## Leserbrev

### Hvilken ånd?

Noen kommentarer til intervjuet «– Vi står sammen for fred» i forrige nr. av Kirketorget. Imamen Ahmed ved Bergen moske sier her: «Vi tror på samme gud, og muslimer tror også på Jesus.» Dette er religionsblanding. Muslimenes gud Allah har ingen sønn, å hevde dette er blasfemi for muslimer. I Pakistan er det dødsstraff for blasfemi. Når det gjelder Jesus, regnes han som en av de mindre profetene, langt etter Muhammed.

Senere i intervjuet sier forstanderen i moskeen: «Jeg tar avstand både fra Israels og Hamas voldsbruk» og samtidig ber han om å se konflikten litt med utgangspunkt i nazistenes okkupasjon av Norge. Så fortsetter han: «Nazi-Tyskland ville kalt Gunnar «Kjakan» Sønsteby for terrorist. Jeg skulle ønske at flere nordmenn som selv har opplevd okkupasjon ville se parallellen».

Jeg har selv opplevd den tyske okkupasjonen, og min far ble arrestert og satt på fangeleiren Falstad. Jeg ser ingen parallell. Det er grotesk å sammenligne Hamas og andre palestinske terrororganisasjoner som prioriterer sivile mål (f.eks. kniv- og øksemordene på fire rabbier i en synagoge i Jerusalem nylig) med Sønsteby, som prioriterte militære mål. Dette er et typisk eselspark til Israel, som i sin krigføring er blant de beste i verden til å skåne sivile.

Til slutt vil jeg bare nevne nederste venstre hjørne på forsiden av bladet der denne artikkelen blir omtalt som «Dialog mellom åndsbrødre» over bildet av prost og de tre muslimene. Hvilken ånd?

Steinar Husebye  
Ulset

#### REDAKTØRENS KOMMENTAR:

Takk for ditt innlegg. Jeg vil bare kort kommentere følgende: Er det noe verden trenger i dag, så er det nettopp, muligens noe upresist formulert, «dialog mellom åndsbrødre» (kanskje det heller skulle stått «åndelige søskenbarn, med henvisning til den felles «abrahamittiske» bakgrunn som tre av verdens største religioner har). Ellers er det nok ikke alle som er enig i din påstand om at Israel er «blant de beste i verden til å skåne sivile».

## Penger til en mer rettferdig verden

Ønsker du å gjøre en innsats for global rettferdighet, men mangler penger? Da kan du søke Den norske kirkes nord/sør-informasjon om midler.

Menigheter, bispedømmer og organisasjoner tilknyttet Den norske kirke oppfordres til å søke støtte til nord/sør-informasjonsarbeid.

Skriv en kortfattet søknad om tiltaket det søkes midler til, og send den til [janne.dale.hauger@kirken.no](mailto:janne.dale.hauger@kirken.no).



**SØK STØTTE:** Få et videre perspektiv, med økonomisk støtte på veien! (Foto: Bente Bjercke/Kirkens Nødhjelp)

Retningslinjer og søknadsskjema finner du på <http://kui.no/index.cfm?id=90007>.

## Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd., kl. 12-14.00  
v/Lærerhøgskolen på Breistein,  
Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

[www.thk.no](http://www.thk.no)



# Bunad og stakkastovo as

*Ny bunad*

*Omsem*

*Allt av tilbehør*

*Ring for avtale 56191800*

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)

## ASTRI VÅRDAL

statsautorisert revisor, autorisert regnskapsfører  
Ytre Arna - tlf 55 53 14 94

- Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.  
- Regnskapsføring.

[astri@vaardal.no](mailto:astri@vaardal.no) - <http://www.vaardal.no>

## MATGLEDE I GENERASJONER



Smørbrød, Catering,  
Selskapslokaler

**lekkerbisknen**  
Salhusveien 175 • 5107 SALHUS



TLF. 55 53 80 20 • FAX 55 53 80 28  
[www.lekkerbisknen.no](http://www.lekkerbisknen.no)

### Rolf's Matbu og Selskapsservice

EIDSVÅG I ÅSANE • 24 ÅRS ERFARING

**Vi leverer eller du henter!**

VI LAGER MAT TIL:

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane  
Tlf: 55 29 26 32 • [post@rolfsmatbu.no](mailto:post@rolfsmatbu.no)  
[www.rolfsmatbu.no](http://www.rolfsmatbu.no)

Advokatfirmaet

**Sigrun Pedersen** M.N.A.

Arv/gaver

Barnerett

Familierett

- sambo/ekteskap

Samtidsbrudd

Kjøp/salg fast eiendom  
- bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.  
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

**Tlf.: 55 18 86 00**

[advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com](mailto:advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com)



**EIDSVÅG AUTO AS**

Aut. bilverksted • Karrosseri

Lakkeringsverksted

Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg

**Tlf. 55 25 10 20**



JC INTERIØR

**Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg

Tlf. 55 53 98 40

[www.jcinterior.no](http://www.jcinterior.no)

Besøk en av Norges største shop in shop



## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder  
- Trygge sjåførere

Tlf. 92 26 66 33



## 136 TREseksten

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)

TLF.: 55 19 82 00

# Ull er omsorg



**JANUS**  
www.janus.no  
Since 1895



Besøk oss gjerne på Janus Kultursenter på Espeland



# Nei til søndagsopne butikkar

**Regjeringa med kulturminister Widvey i spissen vil ha søndagopne butikkar. På nettsidene til vg.no argumenterer ho slik for dette: «Vi har alle behov for hviledager, men det er ikke slik at vi trenger å hvile på den samme dagen alle sammen. Hvorfor skal det offentlige bestemme når vi skal hvile oss?»**

AV HALVOR NORDHAUG, BISKOP I BJØRGVIN

Widvey høyrest her ut som eit ekko av Margaret Thatcher og hennar berømte ord: «There is no such thing as society». Vår kulturminister vil at kviledagen ikkje lenger skal vere ei fellessak, men eit individuelt prosjekt. Her ser vi korleis partiet Høgre er blitt stadig meir liberalistisk og mindre konservativt. Konservativ politikk vil vidareføre viktige tradisjonar og ordningar som synleggjer fellesskapet sine varige verdiar og røter. Liberalismen er derimot primært grunnlagt på å ta vare på fridomen til enkeltmennesket, og på å byggje ned alle ordningar som hindrar individet sin frie vandel og ikkje minst handel.

Det forundrar at ein kulturminister har eit så lågt medvit om søndagens plass i kulturen vår. Søndagen er på kristen mark både «heilagdag» og «kviledag», reservert til gudsdyrking og rekreasjon. Den felles kviledagen er noko av det som gjer ei samling individ til eit samfunn der ein har funne saman på eit grunnlag prega av skikkar, verdiar og tradisjonar. Eit samfunn er mykje meir enn ei tilfeldig samling individ med felles valuta og lovverk.

På tvers av alt som elles skil oss bør det vere mogeleg å sjå verdien av ein annleis vekedag der samfunnet ikkje berre opnar for, men også inviterer til kvile og ettertanke og ei form for livskvalitet som kan vere vanskeleg å finne når både ein sjølv og andre går for full maskin. Kvaliteten på ein slik kviledag er avhengig av dens kollektive karakter, noko som hos oss er historisk og kulturelt forankra i tanken om søndagen som heilagdag. Det blir ein annleis, gråare og meir slitsam kviledag dersom den blir eit individuelt prosjekt utan noka form for hjelp frå det store fellesskapet. Søndag utan søndagsro, men med opne butikkar og søndagsturar til kjøpesenter, er ikkje lenger den søndagen vi kjenner.

Venstre si kompromissløyising med å la kommunane fastsetje er heller ingen farbar veg. Så lenge ein kommune tillèt søndagopne butikkar, vil det bli svært vanskeleg for nabokommunane å halde igjen pga. frykt for handelslekkasje. Venstre sitt forslag kan likevel bli det regjeringa landar på til slutt for å få fleirtal i Stortinget, og dette vil gjere søndagopne butikkar til ei viktig kampsak fram mot kommunevalet.

Dagens ordning der nokre få butikkar held ope, kan gjerne gjerast betre. «Brustadbua» kallar på smilet hos mange, men det er eit kompromiss til å leve med. At hagesenter på søndagar kan selje varer som andre butikkar ikkje får omsetje same dag, verkar derimot grunnlaust og uheldig og fungerer som eit påskot til å rive alle demningar rundt søndagsfreden. Her kan gjerne spelereglane endrast.

Frå kyrkja si side kan eg love massiv motstand mot regjeringa sitt forslag i denne saka. Saman med andre aktørar innan fagrørsla, handelen og miljørørsla vil vi gjere det vi kan for at den planlagde reforma blir skrinlagd.



**TIL KAMP FOR KVILEDAGEN:** Biskop Halvor Nordhaug meiner at søndag utan søndagsro, men med opne butikkar og søndagsturar til kjøpesenter, ikkje lenger er den søndagen vi kjenner. (Foto: Geir Møller)



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy

### Søndag 8.02. Kristi forklåringsdag

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse, misjonsgudsteneste. Dåp, nattverd. Frode B. Sæthre.

**Hamre kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste «Sprell levande». Godt nytt til 11-åringane. Dåp, nattverd. Inge Sørheim. Offer til IKO.

**Hosanger kyrkje kl. 16.00:** Familiegudsteneste «Sprell levande». Godt nytt til 11-åringane. Dåp, nattverd. Inge Sørheim. Offer til IKO.

**Bruvik kyrkje kl. 17.00:** Høgmesse. Dåp, nattverd. Frode B. Sæthre. Offer til døveskulen i Kamerun.

### Søndag 15.02. Fastelavenssøndag

**Haus kyrkje kl. 11.00:** Familie/karnevalsgudsteneste. Dåp, nattverd. Tom Sverre Tomren.

### Søndag 22.02. Første søndag i fastetida

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse. Dåp. Tom Sverre Tomren.

### Søndag 1.03. Andre søndag i fastetida

**Hosanger kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse. Dåp, nattverd. Inge Sørheim. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 8.03. Tredje søndag i fastetida

**Hamre kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse. Dåp, nattverd. Per Eivind Monsen. Offer til Nordhordland indremisjon.

**Haus kyrkje kl. 17.00:** Høgmesse. Dåp. Tom Sverre Tomren.

### Søndag 15.03. Fjerde søndag i fastetida

**Hosanger kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse. Dåp, nattverd. Inge Sørheim. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 22.03. Maria bodskapsdag

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00:** Høgmesse. Dåp. Tom Sverre Tomren.

**Hamre kyrkje kl. 11.00:** Babysonggudsteneste. Dåp, nattverd. Inge Sørheim. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Haus kyrkje kl. 19.00:** Høgmesse. Dåp. Tom Sverre Tomren.

### Fredag 27.03

**Hosanger kyrkje kl. 10.45:** Skulegudsteneste.

### Søndag 29.03. Palmesøndag

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste. Tom Sverre Tomren.

## Slekters gang

### Gravferder.

#### Namn på døypte kjem i neste nummer.

##### Bruvik

20.11.14 Magnus Vik (f. 1931)  
19.12.14 Johanna Mo (f. 1919)  
06.01.15 Frode Bjørgo (f. 1936)

##### Hosanger

28.11.14 Margot Nordås (f. 1920)  
09.12.14 Torill Oddrun Kleiveland (f. 1950)  
12.12.14 Johanna Feste (f. 1919)  
17.12.14 Halldis Thomassen (f. 1925)  
19.12.14 Laila M. Eriksen (f. 1939)  
09.01.15 Myrtel A. Birkeland (f. 1926)  
16.01.15 Alf A. Hanstveit (f. 1930)

##### Gjerstad

02.12.14 Målfrid L. Rød (f. 1928)  
05.12.14 Mons Grimstad (f. 1938)  
16.12.14 Gisle Hatland (f. 1956)  
20.01.15 Anne Berit Angel (f. 1961)

##### Hamre

05.12.14 Irene Lunde (f. 1939)  
30.12.14 Astrid Mosevoll (f. 1922)  
13.01.15 Oddlaug Tepstad (f. 1930)

## Basar i kyrkjelydshuset

Velkomen til basar laurdag 7. februar kl. 15.00 i kyrkjelydshuset. Det blir andakt, årsal og eigen barnetrekning. Vi tek gjerne imot gevinstar. Sal av kaffe, te, saft og kaker kr. 30 (max for familie kr 100).

Inntekta går til kyrkjelyden sine misjonsprosjekt:

- Lovsongheimen i Bangkok, Thailand: Born som bur i slummen får tilbod om barnehageplass og skulegang.
- Døveskulen i Kamerun: Døve og hørselskadde born får tilbod om skulegang.

Ver med og hjelp born som er fattige og lever under vanskelege forhold. Velkomen på basar.

## Vårens pensjonistsamlingar

Det blir pensjonistsamlingar i kyrkjelydshuset i Haus på ei rekkje tysdagar frå kl. 13.30 til 15.30. Datoane er 27. januar, 10. februar (der trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad vil fortelja frå arbeidet sitt), 24. februar, 10. mars, 24. mars, 7. april, 21. april, 5. mai (kl. 12.00 – sommaravslutning) og 19. mai (tur?)

Håpar du har lyst å koma, inviter gjerne nokon fleire med deg. Treng du skyss, ta kontakt med Ågot Mjølkeråen (tlf. 56390170) eller Marit Skjeldal (mobil 48141737).

*Haus sokneråd, Diakoniutvalet*

# TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit veddemål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no). **Vi er her. Alltid.**

 **Kirkens SOS**

# REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 **BLINK HUS**

**Helge Rød as**

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen  
[www.helgerod.no](http://www.helgerod.no) | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES  
OSTERØYKROA  
56193434



YX Osterøy Servicesenter  
5281 Valestrandsfossen  
56 39 41 86

**Revheim Gravferdshjelp**

Telefon: 56 39 21 73  
Revheim  
5282 Lonevåg

 **SparebankenVest**  
- satsar på Vestlandet

# MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no). **Vi er her. Alltid.**


 **Kirkens SOS**

TOTALLEVERANDØR AV  
ELEKTROINSTALLASJONER  
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

**Thunestvedt**

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00  
[www.thunestvedt.no](http://www.thunestvedt.no)

TAKK FOR STØTTA  
FRÅ SPONSORANE VÅRE!



## Velkommen til babysong

**Babysong er for barn mellom 0 og 1 år saman med ein vaksen. På babysong får barnet stimulert dei musikalske sansane, og foreldre får tips om korleis ein kan følgja opp dåpen.**

Barn som ikkje er døypte er også velkomne. Songstunda varer i 45 min. Etterpå blir det servert frukt og juice. Det er mogleg å delta både på Hamre og Gjerstad Første samling på Hamre blir 4. februar, medan første samling på Gjerstad blir 11. februar.

Påmelding via sms til mobil 480 95 658. Skriv: Barnet sitt namn + kvar de vil delta + mor eller far sitt namn. Ønskjer du meir informasjon, ta gjerne kontakt på tlf. 56 19 22 85.

Dei første som melder si interesse får først plass! Kontinuerleg påmelding så lenge det er plass. Ta med eit babyteppe til barnet ditt!

Venleg helsing  
trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad  
Hamre & Gjerstad sokneråd

### Samlingar i Borgstova på Hamre:

- Onsdag 4. februar kl. 12.00
- Onsdag 18. februar kl. 12.00
- Onsdag 11. mars kl. 12.00
- Onsdag 25. mars kl. 12.00
- Onsdag 15. april kl. 12.00
- Onsdag 29. april kl. 12.00

Tid:  
Onsdagar  
kl.  
12.00-13.30

### Samlingar i Gjerstad kyrkje:

- Onsdag 11. februar kl. 12.00
- Onsdag 4. mars kl. 12.00
- Onsdag 18. mars kl. 12.00
- Onsdag 8. april kl. 12.00
- Onsdag 22. april kl. 12.00
- Onsdag 6. mai kl. 12.00

Stad:  
Borgstova ved  
Hamre kyrkje  
og  
Gjerstad kyrkje

## Dåpsskule for fyrsteklassingar



Alle fyrsteklassingar på Osterøy får invitasjon til dåpsskule. På dåpsskulen syng me, høyrer bibelforteljingar og lagar bilete saman. Tilbodet er gratis. Førsette er velkomne til å vera med.

Dåpsskulen finn du i år tre plassar: På Hauge bedehus fem torsdagar kl. 17.30-18.30, på Valestrand skule fem torsdagar kl. 13.30-14.30 (det viser seg å vera vanskeleg å finna tidspunkt der det ikkje er leksehjelp, men dette tilbodet får ein berre fem torsdagar) og Lonevåg skule fem fredagar kl. 13.30-14.30 SFO-tid (barn som ikkje går på SFO, kan også delta her).

### Program for våren:

- **Hauge bedehus:** 12. februar, 19. februar, 5. mars, 12. mars og 19. mars
- **Valestrand skule:** 12. februar, 19. februar, 5. mars, 12. mars og 19. mars
- **Lonevåg skule:** 13. februar, 20. februar, 6. mars, 13. mars og 20. mars

Torsdag 26. mars skal me få omvising i Gjerstad kyrkje. Då møter alle gruppene der kl. 17.30-19.00. Søndag 29. mars er palmesøndag. Då er du invitert til familiegudsteneste i Gjerstad kyrkje. Der markerer me avslutninga på dåpsskulen, viser fram bileta me har laga og deler ut diplom til alle som har deltatt på dåpsskulen.

Påmelding innan 5. februar. Du vel sjølv kvar du vil delta, men gi beskjed ved påmelding. Send ein sms til Gerd Karin Njaastad 480 00 637 til namn + stad eller ein sms til Helga A. Mjelstad 480 95 658 til namn + stad

Venleg helsing *Gerd Karin Njaastad og trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad*

## Bli med til Roma

Har du lyst til å vera med på ei kyrkehistorisk vandring i Roma? Turen går gjennom det historiske sentrum og også til Vatikanet og Peterskyrkja.

Prisanslag 5000 kroner for fly + hotell. Tidsrom: 24.09. – 27.09. 2015. Turleiar vert Kristoffer Foldøy.

Meld di interesse på mail til Hamre sokneråd v/Jenny Eikeland: [jingeike@online.no](mailto:jingeike@online.no) innan 01.03. så sender vi deg meir informasjon.

Det vil også bli lagt ut fylldig info på heimesida til kyrkja i Osterøy: [www.osteroy.kyrkja.no](http://www.osteroy.kyrkja.no). Arr.: Hamre sokneråd.

